

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 14.01.2012
 Sakhandsamar: **Terje Arne Krokvik**
 Saka gjeld: **Konsernbudsjett 2012, herunder investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett samt justering av inntektsramma til helseføretaka**

Styresak 005/12 B

Styremøte 01.02. 2012

Forslag til vedtak

1. Konsernbudsjett 2012 for føretaksgruppa Helse Vest blir vedtatt med følgjande resultatbudsjett for føretaka:

Forslag til resultatkrav 2012	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2012	50 000	0	167 000	-40 000	13 900	1 000	40 000	231 900

2. Inntektsramma som blei vedtatt under sak 136/11 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2012 sak 136/11 B	4 615 819	2 539 805	7 609 682	2 029 653	3 089 402	19 884 361
Endringar inntektsramme frå staten:						
Forskning og medisinske kompetansesentra					8	8
fysioterapeutar					316	316
Utviklingsområde innfor psykisk helsevern og rus					-557	-557
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde					3 383	3 383
Klinisk multisenterstudie ME					2 000	2 000
Endringar i inntektsfordelinga til HF-a:						
Pasientreiser - transaksjostunge oppgåver	1 278	1 678	1 413	2 426	-6 795	0
Kjøp av gjesteplassar psykiatri - Modum Bad	4 828	2 496	6 194	1 482	-15 000	0
Mindre tekniske endringar:						
Rusmeistringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen	9		9		-18	0
Etablering av soningseining for dei under 18 år			11		-11	0
Narkotikaprogram med domstolskontroll			137		-137	0
Narkotikaprogram med domstolskontroll - dobbelført			-856		856	0
Sum endringar	6 115	4 174	6 908	3 908	-15 955	5 150
Oppdatert inntektsramme 2012	4 621 934	2 543 979	7 616 590	2 033 561	3 073 447	19 889 511

3. Investeringsbudsjettet for 2012 blir fastsett som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	211 000	44 400	594 000	22 000				871 400
Medisinteknisk utstyr	155 000	31 500	111 000	15 812				313 312
IKT						220 000		220 000
Anna	42 100	7 100	103 800	60 263	15 406			228 669
Sum investeringar 2012	408 100	83 000	808 800	98 075	15 406	220 000	0	1 633 381

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet etter at resultatet for 2011 er fastsett. Dette må i så fall skje innafor gjeldande investeringsregime og behandlast av styret i dei respektive føretaka.

Helse Stavanger får tildelt internt lån på kr 90 mill. til gjennomføring av investeringsplanen i 2012. Renter og nedbetalingstid skal fastsettast i tråd med det dei føringane som tidlegare er gitt ved tildeling av interne lån.

- Administrerende direktør kan foreta nødvendige omdisponeringar av budsjettpostane innafor den totale budsjetttramma.
- Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

Bakgrunn

Styret Helse Vest ved behandla i møtet den 7. desember 2011 sak 136/11 B Inntektsfordeling 2012 og resultatkrav 2012. Det vart fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2012:

Inntektsramme

INNTEKTSFORDELING 2012	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 113 374	553 981	1 765 299	387 917	-	3 820 572
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 067 562	1 744 823	4 913 715	1 407 608	0	11 133 707
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	431 592	233 592	879 650	215 944	3 089 402	4 850 180
Øymerka midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	3 291	7 409	51 018	18 184		79 901
SUM, inntekt 2012 fordelt frå RHF	4 615 819	2 539 805	7 609 682	2 029 653	3 089 402	19 884 361

Resultatkrav

Forslag til resultatkrav 2012	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2012	50 000	0	180 000	-40 000	15 000	1 000	40 000	246 000

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2012 behandla og vedtatt sine budsjett for 2012 i dei respektive styra. Helse Vest legg med basis i desse vedtaka fram sak om konsernbudsjett 2012 samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Denne saka vil og ta opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeida i sak om inntektsfordeling 2012.

I tillegg vil det bli gjort fordeling av budsjettpostar som ikkje var tatt omsyn til under sak 136/11 B.

Helse Bergen har i etterkant av si styrebehandling av budsjett 2012 søkt om å få redusert resultatkravet frå kr 180 mill. til kr 167 mill. Det blir her vist til pkt. 5 lenger ned i saka for nærmare utgreiing og tilråding frå administrerande direktør.

2. Inntektsramma frå staten

2.1 Oversikt over inntekter frå staten

Inntektspostar som følgjer av oppdragsdokumentet er no innarbeida i inntektsramma i Helse Vest RHF. Dette inneber følgjande endring av inntektsramme frå staten samanlikna for sak 136/11 B:

	Kap. Post	St.prp 1 statsbudsjett 2012	Oppdragsdokument 2012	Endring
(tal i heile tusen)				
Helseundersøkinga i Gulen og Masfjorden	732. 21	2 500	2 500	0
ISF-inntekt (overslagsbevilgning)	732. 76	4 054 165	4 054 165	0
Basisramme	732. 73	15 522 238	15 522 238	0
Forsking og medisinske kompetansesenter	732. 78	156 100	156 108	8
Omlegging av arbeidsgivaravgift	732. 70	25 400	25 400	0
Tilskot til turusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar, førebels estimat - blir fordelt seinare	732. 70	5 284	5 600	316
Nordfjord - framtidens lokalsykehus	732. 70	25 800	25 800	0
Tilskot til helse- og rehabiliteringsteneste for sjukemelde, førebels estimat - blir fordelt seinare	732. 79	88 717	92 100	3 383
Utviklingsområde innanfor psykisk helsevern og rus, førebels estimat - blir fordelt seinare	734. 72	4 157	3 600	-557
Klinisk multisenterstudie ME	781. 21		2 000	2 000
Sum, estimert inntekt frå staten		19 884 361	19 889 511	5 150

Den delen av poliklinisk verksemd som ikkje inngår i ISF-ordninga er ikkje med i inntektsfordelinga frå Helse Vest. Det er i oppdragsdokumentet lagt inn ei overslagsløyving på kr 580,7 mill. for 2012. Beløpet er basert på prognose frå rekneskapstal pr. mai 2011. Samla sett tek løyvinga høgde for ein vekst i poliklinisk aktivitet på om lag 6,5%. Dette omfattar også polikliniske radiologi- og laboratorietenester.

2.2 Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar

Det er i oppdragsdokumentet lagt inn kr 5,600 mill. i tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar. Dette er kr 316 tusen høgare enn anslått i inntektsfordelingssaka i desember. Tilskotet skal kompensere turnusstader for å ha turnuskandidatar i klinisk teneste, rettleiarprogram og kurs for turnuskandidatane. Det årlege tilskotet per turnusplass er kr 26.600,-. Det er lagt inn ein tilsvarende post på kostnadssida i budsjettet. Midla vil bli fordelt på eit seinare tidspunkt.

2.3 Tilskot til helse- og rehabiliteringsteneste for sjukemelde

Tilskot til helse- og rehabiliteringsteneste for sjukemelde er i oppdragsdokumentet fastsett til kr 92,1 mill. Dette er kr 3,383 mill. høgare enn anslaget som blei lagt inn i inntektsfordelinga i desembermøtet. Det er lagt inn ein tilsvarende justering på kostnadssida.

2.4 Utviklingsområde innanfor psykisk helsevern og rus

Det er i oppdragsdokumentet lagt inn kr 3,600 mill. til utviklingsområde innanfor psykisk helsevern og rus. Dette er kr 557 tusen lågare enn anslaget som blei lagt inn i inntektsfordelinga i desembermøtet. Det er lagt inn kr 1,4 mill til vidareføring av rusmeistringseining ved Stavanger fengsel og Bergen fengsel. Det er lagt inn kr 1,2 mill. til vidareføring av forsøk med narkotikaprogram med domstolskontroll i Bergen og kr 1 mill. til soningseining for dei under 18 år.

2.5 Klinisk multisenterstudie ME

Det er i oppdragsdokumentet lagt inn kr 2 mill. til gjennomføring av klinisk multisenterstudie på ME. Helse Vest vil komme tilbake til korleis midla vil bli fordelt på eit seinare tidspunkt.

3. Endringar i inntektsfordelinga til føretaka

3.1 Pasientreiser – transaksjonstunge oppgåver

I 2012 vil kostnader som knytte seg til transaksjonstunge oppgåver i Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS bli fakturert helseføretaka direkte etter volum. Budsjettmidla er fordelt etter historisk volum i 2011. Dette gjer følgjande fordeling i 2012:

Pasientreiser	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
Fordeling volum	18,8 %	24,7 %	20,8 %	35,7 %	100,0 %
Fordelt budsjett	1 278	1 678	1 413	2 426	6 795

Budsjettmidla blir tatt frå budsjettposten «tilskudd til Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS» som ligg under kjøp av helsetenester i RHF budsjettet.. Denne posten var opphavleg på kr 29,899 mill. og er no redusert til kr 23,104 mill.

3.2 Gjestepasientar psykiatri

Helseføretaka har over fleire år nytta plasser ved Modum Bad i Helse Sør-Øst. Helseføretaka blitt belasta 20% av kostnaden for desse plassane. Frå og med 2011 blei desse plassane fakturert med 100% av kostnaden. Sida dette ikkje var tatt høgde for i budsjetta til helseføretaka i 2011 har Helse Vest dekt meirkostnaden på 80% i 2011. Frå og med 2012 blir ansvaret for å dekke kostnad ved kjøp av plassar hos Modum Bad lagt ut på helseføretaka. Med basis i historiske tal er meirkostnaden på 80% anslått til å utgjere om lag kr 15 mill. Helse Vest vil fordele inntekter til kjøp av gjesteplasser innan psykiatri med kr 15 mill. basert på psykiatrinøkkelen. Dette gir følgjande fordeling:

Kjøp av gjesteplassar Modum Bad	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
Psykiatrinøkkel	32,2 %	16,6 %	41,3 %	9,9 %	100,0 %
Fordelt budsjett	4 828	2 496	6 194	1 482	15 000

Fordelinga av denne inntekta blir dekt inn gjennom reduksjon av reserven med kr 15 mill.

3.3 Mindre tekniske endringar i forhold til oppdragsdokumentet

I forbindelse med at Helse Vest no har fått oppdragsdokumentet for 2012 er det gjort nokon mindre justeringar på beløpa samanlikna mot St.prp.nr 1. Dette blir ikkje omtala særskild og det blir i den samanheng vist til tabellen under pkt. 3.5

3.4 Auka kostnader til LAR

Helseføretaka har signalisert overfor Helse Vest har det har vært ein høg kostnadsvekst innan legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Det er sett i gang eit arbeid med å analysere kostnadsutviklinga til LAR. Helse Vest vil komme tilbake til korleis dette skal handterast så snart ein har mottatt tilstrekkeleg analyseunderlag frå helseføretaka. Administrerande direktør vil likevel på det noverande tidspunkt rå til at Helse Vest bidrar med finansiering for å dekke deler av/heile kostnadsveksten innan LAR området. Dette vil ein koma attende til.

3.5 Samla endringar i inntektsfordelinga

Dei samla endringar som er omtalt i kap. 2 og 3 ovanfor vil påverke inntektsfordelinga til helseføretaka og RHF'et på følgjande måte:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2012 sak 136/11 B	4 615 819	2 539 805	7 609 682	2 029 653	3 089 402	19 884 361
Endringar inntektsramme frå staten:						
Forskning og medisinske kompetansesentra					8	8
fysioterapeutar					316	316
Utviklingsområde innfor psykisk helsevern og rus					-557	-557
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde					3 383	3 383
Klinisk multisenterstudie ME					2 000	2 000
						0
Endringar i inntektsfordelinga til HF-a:						0
Pasientreiser - transaksjostunge oppgaver	1 278	1 678	1 413	2 426	-6 795	0
Kjøp av gjesteplassar psykiatri - Modum Bad	4 828	2 496	6 194	1 482	-15 000	0
						0
Mindre tekniske endringar:						0
Rusmeistringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen	9		9		-18	0
Etablering av soningseining for dei under 18 år			11		-11	0
Narkotikaprogram med domstolskontroll			137		-137	0
Narkotikaprogram med domstolskontroll - dobbelført			-856		856	0
						0
Sum endringar	6 115	4 174	6 908	3 908	-15 955	5 150
Oppdatert inntektsramme 2012	4 621 934	2 543 979	7 616 590	2 033 561	3 073 447	19 889 511

I vedlegg 1 til denne saka følgjer oppdatert oversikt over inntektsfordeling til HF'a for 2012 samt oppdatert budsjett "Kjøp av helsetenester".

4. Justeringar av RHF budsjettet - reserve

Helse Vest har i inntektsfordelinga i møte den 7/12-2011 lagt inn ein reserve på kr 200 mill for å fange opp usikkerheita i budsjettoplegget for 2012.

I samband med framlegg av endeleg inntektsfordeling er det nokre postar det er behov for å justere. Desse endringane er dekt gjennom justering av reserveposten i RHF'et og utgjør følgjande:

Reserve i sak 122/10 B	200 000
Administrasjonsbudsjettet	-2 526
Regionale fellesløysingar	-2 256
Kjøp av gjesteplassar innan psykiatri	-15 000
Justert reserve	180 218

4.1 Endring administrasjonsbudsjett

I budsjettsaka som vart lagt fram i desember (sak 136/11B) vart det lagt til grunn budsjett 2011 justert for deflator. Det er under sak 006/12 B (administrasjonsbudsjettet) føreslått tre nye årsverk. Dette vil auke administrasjonsbudsjettet med kr 2,526 mill. i 2012. Det blir her vist til nemnde sak for nærmare utgreiing knytt til behovet for stillingsauken.

4.2 Regionale fellesløysingar

Det var i budsjettsaka i desember tatt høgde for ei rekke regionale fellesløysingar som blir dekt under budsjettet for kjøp av helsetenester. Etter ein ny gjennomgang er denne budsjettposten tatt ned med 1,7 mill. Dette vil dekke delar av stillingsauken i administrasjonsbudsjettet. Samstundes er satsinga på styringsinformasjon sikra med ein finansiering på kr 4 mill. (tilsvarande om lag 4 årsverk). Samla ending av denne budsjettposten er kr 2,3 mill. som er dekt av reserven.

4.3 Kjøp av gjesteplassar innan psykiatri – Modum Bad

Det blir her vist til omtalen under punkt 3.2 ovanfor. Det blir her føreslått at 80% av kostnadene knytt til kjøp av gjesteplassar innan psykiatri ved Modum Bad blir dekt av reserven med kr 15 mill.

Med basis i dei endringane som her er nemnd vil reserven i RHFet for 2012 utgjere kr 180,2 mill. I tillegg må kostnadsveksten innan LAR (heilt/delvis) dekkast av reserven.

5. Konsernbudsjett 2012

Helseføretaka har med basis i sak 136/11 B Inntektsfordeling 2012 og resultatkrav 2012 fatta vedtak om budsjett 2012 i sine respektive styre.

Helse Bergen har etter ein gjennomgang av sitt anleggsregister konstatert at avskrivningane vil bli om lag kr 13 mill. høgare enn det som blei lagt til grunn i langtidsbudsjettet som blei behandla av styret i Helse Bergen i juni 2011. Konsekvensane av at avskrivningane aukar er at Helse Bergen får behov for innstramingar i andre delar av budsjettet dersom dei skal oppnå resultatkravet på kr 180 mill. Dette vil gje føretaket eit auka finansielt grunnlag som ikkje er nødvendig. Det blir derfor føreslått at resultatkravet til Helse Bergen blir justert frå kr 180 mill. til kr 167 mill. i 2012. Det finansielle grunnlaget for investeringar blir uforandra sidan det er auka avskrivningar som er årsaka til resultatendringa.

Administrerande direktør legg med dette fram forslag til konsernbudsjett 2012 med eit positivt resultat på kr 231,9 mill. Resultatkravet frå eigar er eit resultat i balanse. Helse Vest har stilt positive resultatkrav hos føretaka med unntak for Helse Førde som har fått aksept for eit negativt resultatkrav og Helse Fonna som har fått eit balansekrav.

Budsjettert resultat for 2012 blir då som følger:

Tal i heile mill.	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	Kjøp av helsetenester	Helse Vest administrasjon	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter										
Basisramme	3 504,5	1 978,4	5 844,4	1 654,9	-	-	15 418,7	103,5	-12 982,2	15 522,2
ISF inntekter	1 113,0	554,0	1 765,0	387,9	-	-	4 054,2	-	-3 819,8	4 054,2
Gjestepasientar	48,8	5,8	193,1	19,7	-	-	-	-	-	267,4
Polikliniske inntekter og egenbetaling	169,2	57,7	416,5	89,0	-	-	-	-	-	732,3
Andre inntekter og tilskudd	267,0	159,1	453,0	61,8	784,5	586,8	308,0	9,3	-1 336,8	1 292,6
Sum driftsinntekter	5 102,4	2 755,0	8 671,9	2 213,2	784,5	586,8	19 780,8	112,8	-18 138,8	21 868,7
Varekostnader	778,5	437,9	955,0	316,5	606,6	5,0	19 332,5	-	-17 619,0	4 813,0
Personalkostnader	3 448,9	1 836,0	5 779,0	1 503,1	121,0	152,6	-	64,2	-	12 904,7
Andre driftskostnader	587,7	339,5	1 260,9	313,6	40,2	289,5	439,3	48,0	-519,9	2 798,9
Avskrivninger	207,3	126,6	450,0	97,0	4,1	123,6	4,0	0,7	-	1 013,2
Sum driftskostnader	5 022,4	2 739,9	8 444,9	2 230,2	771,9	570,8	19 775,8	112,8	-18 138,8	21 529,9
Driftsresultat	80,0	15,2	227,0	-17,0	12,6	16,1	5,0	-	-	338,8
Finansinntekter	-	1,2	-	1,0	1,3	1,0	35,0	-	-	39,5
Finanskostnader	30,0	16,4	60,0	24,0	-	16,0	-	-	-	146,4
Finansresultat	-30,0	-15,2	-60,0	-23,0	1,3	-15,1	35,0	-	-	-106,9
Resultat	50,0	0,0	167,0	-40,0	13,9	1,0	40,0	-	-	231,9

I konsernsamanstillinga er det gjort ei forenkla eliminering for konserninterne transaksjonar. Dette er i hovudsak knytt til ISF inntekt og basisramme i føretaka. I tillegg er det eliminert for interne inntekter i Helse Vest IKT og Apoteka vest.

Det vil bli endringar både på inntekts og kostnadssida når helseføretaka har fått innarbeida alle tiltak samt eksternfinansierte oppgåver. Dette vil likevel ikkje påverke resultatet.

6. Investeringsbudsjett 2012

Styret i Helse Vest behandla i møte den 7/9-2011 sak 087/11 B Langtidsbudsjett 2012-2016. I denne er det mellom anna fastsett nødvendig resultatkrav i kommande 5 års periode som er nødvendig for å kunne handtere investeringsbehovet i føretaksgruppa. Saka gir ei oversikt over investeringsbehovet og det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar. Dei årlege investeringsbudsjetta må handterast i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. I samband med behandlinga av konsernbudsjett 2012 blir det i denne saka og fastsett investeringsramme for føretaka i 2012. Endeleg investeringsbudsjett må behandlast i helseføretaka med basis i det endelege resultatet for 2011 samt dei føringane som blir lagt i denne saka.

Helseføretaka har lagt til grunn eit investeringsbudsjett for 2012 som er som følger:

Samandrag investeringar (Budsjett 2012)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	211 000	44 400	594 000	22 000				871 400
Medisinteknisk utstyr	155 000	31 500	111 000	15 812				313 312
IKT						220 000		220 000
Anna	42 100	7 100	103 800	60 263	15 406			228 669
Sum investeringar 2012	408 100	83 000	808 800	98 075	15 406	220 000	0	1 633 381

Det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar i 2012 er lagt inn med følgjande føresetnad:

Kontantstrøm til å dekke investeringar i 2012:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	IKT	RHF	TOTAL
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	50 000	0	167 000	-40 000	13 897	1 019	40 000	231 916
+ Avskrivning	207 310	126 603	450 000	108 300	4 090	123 596		1 019 899
+ Nedskrivning anleggsmidlar	0	0		0	0	0	0	0
= Kontantstraum frå drifta	257 310	126 603	617 000	68 300	17 987	124 615	40 000	1 251 815
- Førebels resultatavvik 2011		-40 000	20 000	-15 000			273 000	238 000
+ Opptak av nye lån			140 000					140 000
- Avdrag lån	-40 000	-13 900	-50 000	-8 300				-112 200
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-25 000	-13 000	-50 000	-19 825		107 825		0
+ Sal av anleggsmidlar	10 000	4 000						14 000
+ Gåver								0
+/- Likviditet overført frå 2011	116 462	-24 100	153 000					245 362
+/- Likviditet overført seinere år								0
+/- omfordeling likviditet - resultatkrav				40 000			-40 000	0
Finansielt grunnlag	318 772	39 603	830 000	65 175	17 987	232 440	273 000	1 776 977
+ Interne lån overført fra 2011		43 397		60 000				103 397
+/- omfordeling likviditet HF/RHF (interne lån)	90 000						-90 000	0
Finansieringsgrunnlag investeringar inkl interne lån	408 772	83 000	830 000	125 175	17 987	232 440	183 000	1 880 374

6.1 Helse Stavanger

Helse Stavanger har eit finansielt grunnlag til gjennomføring av investeringar i 2012 på kr 408,8 mill. Dette føreset mellom anna at ein oppnår resultatkravet i 2012 og at resultatet i 2011 blir i tråd med budsjettet, dvs. eit resultat på kr 40 mill.

I finansieringsgrunnlaget er det overført likviditet får tidlegare år med til saman kr 116,5 mill. Føretaket har ikkje gjennomført det planlagde investeringsvolumet i 2011 fullt ut. Ein stor del av denne likviditeten knytter seg til utbetalt lån til BUPA (kr 100 pluss kr 103 mill) der prosjektet ikkje er ferdig enno. I tillegg er det utbetalt kr 50 mill. i internt lån i slutten av 2011 kor utbetalingane i stor grad vil komme i 2012. Denne likviditeten blir derfor ført vidare i 2012 for finansiering av investeringsprosjekta.

Helse Stavanger har tidlegare signalisert at dei har behov for å ta opp internlån med kr 50 mill. både i 2012 og 2013 for å realisere planlagde investeringar. Det blir her vist til sak om langtidsbudsjett (087/11 B). Helse Stavanger har no signalisert gjennom sin budsjettsak at dei ønsker å auke låneopptaket i 2012 med ytterlegare kr 40 mill. for å sikre både innreiing og innkjøp av utstyr til to laboratoria i kardiologisk intervensjonssenter. Investeringsplanen til Helse Stavanger er derfor satt opp med ein føresetnad om internt lån i 2012 på kr 90 mill. Dei er og forberedt på å gjere nødvendige tilpassingar dersom dei ikkje får tildelt lån i denne størrelsen.

Eventuell tildeling av interne lån kan først bli gjort når resultatet i føretaksgruppa er kjend. Resultatprognosen for 2011 ligg no an til eit positivt avvik på om lag kr 238 mill. og reserven i RHFet på kr 153 mill. er såleis intakt. Dette inneber at Helse Vest har mulighet til å styre delar av denne likviditeten inn mot høgt prioriterte investeringar. Helse Stavanger har høgt prioriterte investeringsprosjekt som ikkje lar seg gjennomføre dei nærmaste åra utan at dei får ta opp lån. Føretaket har ikkje fått tildelt lån frå staten i 2012. Administrerande direktør vil derfor tilrå at det blir gitt internt lån til Helse Stavanger i 2012 slik at dei får gjennomført investeringsplanen. Når det gjeld eventuelle lån i 2013 er dette eit forhold som ein må få komme tilbake til på eit seinare tidspunkt. Det vil i samband med rulleringa av langtidsbudsjett 2013-2017 bli gjort ei nærare vurdering på prioritering og finansiering av prosjekta i Helse Stavanger. Helse Stavanger må uansett ta høgde for at prosjekt som eventuelt blir finansiert med interne lån i framtida, minimum må finansierast med 50% eigne midlar. Det er derfor heilt nødvendig at Helse Stavanger klarer å levere eit resultat som minimum er i tråd med budsjettkravet.

Helse Stavanger har prioritert inn følgjande store prosjekt i investeringsplanen for 2012:

Investeringar 2012:	
BUPA	110 000
Stavanger DPS	51 000
MOBA	14 000
Kardiologisk intervensjon	26 000
Nødnett	10 000
Sum bygg	211 000
MTU	155 000
Andre investeringar	42 100
Sum investeringar	408 100

6.2 Helse Fonna

Helse Fonna har i 2012 eit finansieringsgrunnlag for handtering av investeringar på om lag kr 83 mill. Dette føreset at dei oppnår eit resultatkrav i balanse i 2012. I det finansielle grunnlaget er det tatt høgde for Helse Fonna sin prognose pr. november som viser eit negativt resultatavvik på kr 40 mill. Dersom resultatet blir dårlegare enn dette vil investeringsevna i 2012 bli tilsvarande redusert.

Helse Fonna fekk i 2011 tildelt eit internt lån på kr 45 mill. til investeringar. Helse Fonna har ikkje nytta dette lånet i 2011. Føretaket har i 2011 brukt om lag kr 24,1 mill. av driftskreditten til å gjennomføre investeringar. Dei vil derfor be om å få utbetalt tildelt lån frå 2011 snarast for å nedbetale driftskreditten og samstundes ha likviditet til å gjennomføre den reviderte investeringsplanen for 2012 på kr 83 mill. Investeringsplanen på kr 83 mill. er tilpassa det oppdaterte finansielle grunnlaget for 2012.

Helse Fonna har i sitt investeringsbudsjett for 2012 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

Investeringar 2012	
Bygg	44 400
Medisinteknisk utstyr	31 500
Anna	7 100
Sum investeringar 2012	83 000

6.3 Helse Bergen

Helse Bergen har i 2012 eit finansieringsgrunnlag på om lag kr 830 mill. Dette føreset at resultatet for 2011 blir om lag kr 20 mill betre enn budsjett, og at føretaket innfrir resultatkravet i 2012 på kr 167 mill. Føretaket er tildelt lån frå staten til finansiering av nytt senter for barn og unge ved Helse Bergen (BUSP). Prosjektet (fase I) har ein samla investeringskostnad på om lag kr 1,4 mrd. Helse Bergen må finansiere om lag halvparten av investeringa med egne midlar. Den andre halvparten blir finansiert gjennom lån. I 2012 har dei fått tildelt kr 140 mill. i lån til dette prosjektet.

Helse Bergen har eit etterslep i forhold til sitt investeringsbudsjett for 2011. Samla unytta likviditet knytt til finansiering av investeringar er på om lag kr 153 mill. Denne likviditeten er ført vidare til 2012.

Helse Bergen har i budsjettet for 2012 lagt opp til ein investeringsplan på kr 809 mill. som ligg innafor det finansielle grunnlaget. I investeringsplanen er følgjande store prosjekt prioritert inn:

Investeringar 2012:	
Barne- og ungd.psyk. trinn 1	165 000
Barne- og ungd.psyk. trinn 2	8 000
Sandviken trinn 2 psykose	35 000
Kronstad DPS	150 000
Landingsplattform	15 000
Dag/Thorax	135 000
Diverse bygg	85 800
SUM bygg	593 800
MTU	111 000
Andre investeringar	103 800
Sum investeringar	808 600

6.4 Helse Førde

Helse Førde har eit finansielt grunnlag gjennom eiga drift på om lag kr 65,2 mill. Føretaket fikk tildelt eit internt lån i 2011 på kr 60 mill. Helse Førde har som følgje av forsinka framdrift i investeringane ikkje bedt om å få dette lånet utbetalt i 2011 og midla blir derfor ført over til 2012. Det samla finansielle grunnlaget i 2012 blir då på kr 125,2 mill. Dette føreset at resultatavviket i 2011 ikkje blir dårlegare enn kr 15 mill. og at resultatet i 2012 ikkje blir dårlegare enn minus kr 40 mill.

Investeringsbudsjettet for 2012 er sett opp med ei ramme på kr 98,1 mill. Føretaket har sett i verk bestillingar som var føresett å skulle dekkast innafor investeringsbudsjettet for 2011 med om lag kr 27 mill. Desse investeringane vil i staden bli belasta i 2012, men er ikkje tatt omsyn til i investeringsbudsjettet for 2012. Dette er eit forhold som Helse Førde må avstemme og komme tilbake med i eit oppdatert investeringsbudsjett seinast i samband med rullering av langtidsbudsjettet våren 2012.

Helse Førde har i sitt investeringsbudsjett for 2012 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

Investeringar 2012	
Bygg	22 000
Medisinteknisk utstyr	15 812
Anna	60 263
Sum investeringar 2012	98 075

6.5 Helse Vest IKT

Helse Vest IKT har gjennom avskrivingar og resultat eit finansieringsgrunnlag til investeringar på om lag kr 124,6 mill. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å dekke heile investeringsbehovet innafor IKT. Derfor må helseføretaka i tillegg stille likviditet til disposisjon for Helse Vest IKT til å gjennomføre den samla investeringsplanen. I 2012 har helseføretaka tatt høgde for at totalt kr 107,8 mill. blir overført til Helse Vest IKT til investeringsramme. Den praktiske handteringa av dette blir gjort ved at det blir gitt lån frå Helse Vest til IKT selskapet.

Det finansielle grunnlaget utgjer med dette kr 232,4 mill. Den samla investeringsplanen er på kr 220 mill. Dette inneber at føretaka sin likviditetstilførsel til Helse Vest IKT kan reduserast med om lag kr 12 mill. Dette er eit forhold som må avstemmast nærmare i samband med rullering av langtidsbudsjettet våren 2012.

6.6 Sjukehusapoteka

Sjukehusapoteka Vest har eit finansieringsgrunnlag i 2012 på kr 18 mill.

Det samla investeringsbudsjettet for 2012 er sett til kr 15,4 mill.

6.7 Helse Vest RHF


Helse Vest RHF vil ha eit finansieringsgrunnlag på om lag kr 273 mill. på grunn av positivt resultatavvik i 2011. Dette skuldast i første rekke budsjettreserven samt lågare kostnader på fleire områder. Den positive likviditeten kan ein nytta til å betala ned kortsiktig gjeld, eller til strategiske satsingar og høgt prioriterte investeringar. Helse Vest kan ikkje bruke heile posten då både Helse Fonna og Helse Førde rapporterar negative avvik på til saman kr 55 mill. Dette beløpet må bli trekt frå det beløpet RHFet kan disponera inn mot investeringar.

Helse Stavanger har tidlegare signalisert at dei har behov for interne lån på kr 50 mill. både i 2012 og 2013. Dei har no meldt inn ønske om å få auke tildeling av lån i 2012 med ytterlegare kr 40 mill. til kr 90 mill. Det blir for nærmare omtale vist til pkt 6.1 ovanfor i denne saka. Helse Stavanger har hatt ein særskilt krevjande situasjon på investeringssida dei siste åra. Dette skuldast først og fremst manglande leveranse på resultatkrava. Helse Stavanger ligg no an til å levere i tråd med det positive resultatkravet for 2011 og det kan synast som om føretaket har fått betre styring på økonomien. Administrerande direktør stiller seg derfor positiv til ønsket frå Helse Stavanger om å få tildelt internt lån på kr 90 mill. i 2012.

Den resterande del av likviditeten i RHFet blir førebels nytta til å redusere driftskreditte på konsernkonto. Om delar av denne likviditeten skal styrast inn mot andre prioriterte områder er eit forhold som administrerande direktør eventuelt må få komme tilbake til på eit seinare tidspunkt.

7. Førebels likviditetsbudsjett 2012

Helse Vest har ved inngangen til 2012 ei driftskredittramme på kr 1,998 mrd. Det må her takast atterhald for eventuell justering av driftskredittramma i føretaksmøtet. Driftskredittramma blir fordelt ut på det enkelte helseføretak basert på tilgjengeleg likviditet innafor konsernkontosystemet og driftskreditbehov til helseføretaka. Helseføretaka har utarbeid førebels likviditetsbudsjett som er oppsummert i grafen under:



Som ein ser av grafen er driftskredittramma tilstrekkeleg for å dekke likviditetsbehovet. Det er førebels usikkerheit rundt pensjonskostnaden i 2012 og kva likviditetseffekt denne kan gje. Dette er eit forhold som ein må få komme tilbake til på eit seinare tidspunkt.

Det er og usikkerheit knytt til framdrift på investeringar samt andre transaksjonar som kan gi store perodesvingingar på likviditeten. Dette inneber at likviditeten periodevis kan avvike i forhold til det som her er angitt. Under føresetnad av at helseføretaka klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet, vil likviditeten i 2012 vere tilfredsstillande i forhold til driftskredittramma. Dersom det blir avvik i

resultatet vil dette bli følt opp og om nødvendig, må ein gjennomføre tiltak for å sikre tilfredsstillande likviditet i føretaksgruppa.

Vedlegg 1

INNETKTSFORDELING 2012	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering (inkl. dyre medisinar)	1 070 351	534 189	1 798 923	373 123		3 776 586
ISF-pasientar behandla i andre regionar	71 802	22 620	36 681	23 644		154 746
ISF-pasientar behandla for andre regionar	-28 779	-2 827	-70 305	-8 849		-110 760
SUM, ISF	1 113 374	553 981	1 765 299	387 917	-	3 820 572
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 067 562	1 744 823	4 913 715	1 407 608	0	11 133 707
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	437 698	237 765	887 257	219 852	3 073 447	4 856 020
Øymerka midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	3 300	7 409	50 319	18 184		79 211
SUM, inntekt 2012 fordelt frå RHF	4 621 934	2 543 979	7 616 590	2 033 561	3 073 447	19 889 511
*) Spesifikasjon av postar utanfor modell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme Helse Vest RHF					3 073 447	3 073 447
Internt lab-/røntgenoppgjør	-5 389	-6 728	16 879	-4 761		0
Hjartekirurgi Helse Bergen			2 186			2 186
Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade			12 020			12 020
Styrking av habiliterings- og rehabiliteringstenesta	11 698	7 038	16 397	4 658		39 790
Skjønnstilskot til Helse Førde				31 796		31 796
Styrking av rusområdet samt overtaking av LAR	46 369	27 082	57 679	16 324		147 455
Styrking av rusområdet 2012, herunder styrking av LAR	3 224	1 618	4 188	971		10 000
Styrking bemanning psykiatri (psykiatrinøkkel)	5 076	2 675	6 544	1 603		15 898
Aktivitetsauke - styrking av basisramma 2010 (1,2%)	36 720	21 138	59 500	17 349		134 706
Aktivitetsauke poliklinikk - styrking av psykisk helsevern og rusområdet (2,5%)	3 584	1 889	4 620	1 132		11 224
Regional eining for spiseforstyrrelse			5 000			5 000
Traumesystem i Helse Vest	273		525			798
Nevrokirurgisk verksemd			6 889			6 889
PET-senter			15 000			15 000
Pensjonskostnad	225 716	147 864	401 644	105 283		880 506
Pensjon videreført frå RNB 2011	83 257	38 296	122 221	34 853		278 628
Samhandlingsreforma - Utskrivingsklare pasienter	-31 039	-18 465	-44 092	-12 003		-105 600
Samhandlingsreforma - Øyeblikkelig hjelp	-3 145	-1 871	-4 468	-1 216		-10 700
Tilskot til utdanning	13 292	6 652	114 215	5 035		139 194
Kompetansetjenester:						
Regionale kompetansetjenester (NY FORDELING)	11 071		34 635			45 706
Kompetansetjenester (finansiert av basisramma)	0		11 905			11 905
Radio Medico - medisinsk rådgivingsteneste for skip			4 371			4 371
Tilstadevakt - beredskap, Solbasen og Florø	6 344			6 344		12 687
Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjensle" - spiseforstyrning			2 187			2 187
Pasienttransport	7 360	6 888	9 931	9 556		33 735
Pasientreiser - transaksjonstunge oppgåver	1 278	1 678	1 413	2 426		6 795
Kjøp av gjesteplassar innan psykiatri	4 828	2 496	6 194	1 482		15 000
Vurderingseining for inntak til private rehabinstitusjonar			2 650			2 650
Uttrekk 8 sengeplassar ved Askviknes - overført Solli DPS			-9 719			-9 719
Tilskot til farmasøytisk rådgiving (fordelt i modell frå 2012)		0	0			0
Utanlandsbehandlinger - overf. frå RHF			11 981			11 981
Pasienttransport - auka eigenbetaling	-1 796	-1 677	-3 417	-3 391		-10 281
Pasienttransport - fritak til 16 år	1 278	1 194	2 430	2 412		7 314
Organisatorisk endring	17 700		10 500			28 200
Nye nasjonale behandlingstjenester			5 250			5 250
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	437 698	237 765	887 257	219 852	3 073 447	4 856 020
Øymerka midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):						0
Kompensasjon for arbeidsgivaravgift Kap. 732.70		6 680	462	18 184		25 325
Nasjonale kompetansetjenester inkludert regionalt autismemiljø og regionalt fagmiljø ADHD (NY FORDELING)	Kap. 732.78	2 600	729	38 271		41 600
Arbeidsmedisinskavdeling (inkludert i "raskere tilbake")	Kap. 732.79		6 186			6 186
Rusmeistringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen	Kap. 734.72	700	700			1 400
Etablering av soningseining for dei under 18 år	Kap. 734.72		1 000			1 000
Narkotikaprogram med domstolskontroll	Kap. 734.72		1 200			1 200
Helseundersøkinga i Gulen og Masfjorden	Kap. 732.21		2 500			2 500
Sum øymerka midlar frå HOD	3 300	7 409	50 319	18 184	0	79 211
SUM, tildelt inntekt 2012 frå RHF	4 621 934	2 543 979	7 616 590	2 033 561	3 073 447	19 889 511
Endring av inntektsramma til HF-a som følgje av gjestepasientoppgjør:						
Kostnad, eksternt gj.pas.oppgjør	-143 605	-45 239	-73 361	-47 287		-309 493
Fakturering av gjestepasientar andre regionar	57 558	5 655	140 609	17 698		221 520
Kostnad, rus gjestepasientar	-28 197	-4 180	-28 805	-14 821		-76 002
Kostnad, kjøp av kurdøgnplassar	-5 793	-3 473	-8 139	-2 337		-19 743
Kostnad, kjøp frå Feiring, estimert	-12 339	-7 454	-1 445	-11 196		-32 434
SUM, inntektsramme i HF-a	4 489 558	2 489 287	7 645 449	1 975 618	3 073 447	19 673 360

Vedlegg 2

	Budsjett
Kjøp av helsetjenester innenfor "sørge for ansvaret"	2 012
Tilskot til influensasenteret i Bergen	2 825
Driftsavtaler - somatikk og psykisk helse	1 211 650
Driftstilskot private legespesialistar og kliniske psykologar	186 068
Driftsavtaler - rusområdet	262 000
Kjøp av helsetenester og dekking av særskilte kostnader til helseføretaka	11 958
Pensjon RNB 2011, apoteka, IKT og RHF	4 981
Pensjon RNB 2011, private ideelle	27 753
Andre avtaler	2 186
Lab/røntgen, offentleg	51 873
Lab/røntgen, privat	140 132
Luftambulansen	74 260
Helseradionett	588
Kjøp, private	55 919
SUM	2 032 192
Tilskuddsordinger	
Regionsjukehusstilskot, Bergen Legevakt	436
Tilskot, brukarorganisasjonar	8 387
Studenthelseteneste	3 219
Regionalt brukarutval	619
SUM	12 661
Tilbakeholdte midler/fordeles direkte fra RHF	
Tilskot til forskning	153 479
Tilskot til Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS	23 104
Norsk Pasientskadeerstatning	137 532
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapautar	5 600
Nødnett - nasjonalt prosjekt	10 826
Helsebibliotek	3 628
Nasjonale IKT	6 186
Felles EPJ - tategjenkjenning. Dekning av ufordelte kostnader	1 000
Komplette og gode data i psykisk helsevern	750
Kvalitetsregistre	14 320
Habilitering/rehabilitering	129 342
Avskrivning bygg Jæren DPS	4 000
Regionale og nasjonale fellesprosjekt	47 065
Tillitsvalde	3 585
Regionale fellesløyningar	11 000
Kvalitetssatsing i RHF	5 463
Kvalitetssatsing i HF-a - blir fordelt seinare	10 928
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde	85 914
Eldremedisin og samhandling	16 929
Samhandlingsreforma - øyeblikkelig hjelp	26 400
Nasjonalt pilotprosjekt ved Nordfjord sykehus	25 800
Satsingar som blir fordelt seinare	15 000
Klinisk multisenterstudie ME	2 000
Overskot i RHF-et for å dekke underskot i Helse Førde	40 000
Reserve	180 218
SUM	960 069
Renteinntekt i RHF'et	-35 000
Helse Vest morselskap	
Administrasjon Helse Vest - kostnadsramme	103 526
SUM	3 073 447